

Fra: Lars Mjøs (lars@mjos.no)

Sendt: 09.07.2017 07:27:06

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: aslaug@mjos.no; Aase Nilssen

Emne: Tilskot til sogelag/historielag 2017. Utbetaling.

Vedlegg:

Til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga

Det vert vist til dykkar brev:

Dato: 04.07.2017

Dykkar ref.: 2017/654-30

Saksbehandlar: irekron

Tilskot til sogelag/historielag 2017 - Underretning om tildeling

Me stadfestar med dette at prosjektet går som skissert i søknaden, og me aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg i tilsegnsbrevet (med saksnummer 2017/654).

Me ber om at utbetaling vert gjort utan at me sender elektronisk faktura. Tilskotet kan betalast til vår bankkonto: 36325408906.

Dugnad for innsamling, dokumentasjon og systematisering av historiske foto er i stor grad fullført.

Dugnad for dokumentasjon og systematisering av nye foto pågår.

Arkiveringsarbeid foto ved Osterøy museum er under førebuing.

Dugnad for reingjering og systematisering av arkivmaterieil er fullført.

Arkiveringsarbeid arkivmaterieil ved Osterøy museum; museet har skaffa utstyr for arkivering og førebudd å ta imot arkivet.

Forutan bruk i samband med næringsssoga for Mjøsvågen, er arkivet også allereie kome til nytte i annan samanhang: Jon Suul, som no er pensjonist, har teke kontakt med Osterøy museum som har formidla kontakt med oss. Han skriv eit større verk om handverk nordafjells. Han vil m.a. skrive om påverknad/samspel med omverda og har valt seg ut Ostrakister som døme. Og her står Mjøsvågen sentralt. Jon Suul har vore assisterande riksantikvar og direktør for Norsk kulturminnefond. Han har vore på besøk i Mjøsvågen og har fått innsyn i arkivmaterieilet og både han og me har fått ny kunnskap. Den 24.10.2017 skal me ha eit Ostrakiste-kollokvium i Mjøsvågen kafe.

Venleg helsing
Vener av Mjøsvågen
v/ Lars Mjøs
Tveitavegen 6
5282 Lonevåg

--

Vennlig hilsen
Lars Mjøs
Tveitavegen 6
5282 Lonevåg
416 28 531



Virusfri. www.avast.com